



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 15.02.2017  
Vår ref.: 2017/452-2  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 16/3946 – 17/1212

## **Kulturminnefagleg fråsegn - Bukkebergåsen - gnr 181 bnr 1 2 - søknad om bygging av skogsveg - Lindås kommune**

Viser til brev datert 13.01.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. På naboeigedomen, bnr. 3, ligg det to gravrøysar frå bronsealder-jernalder (Askeladden id. 55190). Det aktuelle området har difor potensial for nye funn, og vi finn det naudsynt med ei synfaring før vi kan gje endeleg fråsegn i saka. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er trong for ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vert gjort så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*